

# FRÅ ONSDAGSTUR TIL RUSSLIKOLLEN I NISSEDAL 14.06.23



Turstart frå Tveit med utsyn mot Skuggenatten og Langfjell. Foto: Anne Gunn Østerholt

Vårens siste onsdagstur gjekk til Russlikollen i Nissedal. Turen starta frå Tveit bilverkstad. Det blei ein variert tur på veg, slepe og sti i skogen, og noko på fjell. I dag var det uvanleg lite prat blant turfolket opp dei lange og bratte liene ved Gjuvine. Me trong mange drikkepauser. Blåbærlyngen lyste grønt i skogbotnen. Løypa svinga bratt opp Nauttona til toppen av Russlikollen (694 moh). Det er vidt utsyn over heiar og fjell frå toppen.

Me hadde ei lang matpause her, med god prat og kvile. Det gjorde seg med litt skygge.

Heimturen gjekk på god sti ned det bratte Sollifjellet, og vidare på den gamle kjærkevegen oppatt til Tveit.

Takk til turleiar Torhild Hagen for ein spennig tur og ei triveleg og avkjølande stund til slutt med is og kald brus. Anne Gunn Østerholt var turleiar bak. Me var 14 turfolk som delte ein bresheit og gild topptur ilag. Turen er 7 km og tek 4 timar.

God sommar og velkomen attende til ny onsdagstur 16 august!

Tekst Anne Gunn Østerholt.

Bilete: Anne Gunn Østerholt og Kåre Dalane.



Me vandra i furuskog og blåbærlyng. Foto: Anne Gunn Østerholt



Toppen av Ruslikollen. Foto: Anne Gunn Østerholt



Turfolket på toppen av Russlikollen. Foto: Kåre Dalane



Utsyn frå toppen av Russlikollen. Foto: Anne Gunn Østerholt



Turleiarane Torhild Hagen og Anne Gunn Østerholt. Foto: Kåre Dalane



Det gjekk nedover. Foto: Kåre Dalane





Utsyn mot Treungen og Langfjell. Foto: Anne Gunn Østerholt



Den gamle kjørkevegen var delvis merka. Foto: Kåre Dalane

---

Skrevet 15. juni 2023

---

## Del artikkelen:

